



Trond Morten Strand Træet
Nøttveitvegen 7
5238 RÅDAL

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/13635 - 22/85599

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

per.sveinar.morsund@alver.kommune.no

Dato:

10.11.2022

Svar på førespurnad om stans av dagmulkt - gbnr 319/6 Sagstad

Tiltak: Ulovleg bruk av låve til bustad
Byggjestad: Gbnr 319/6 Sagstadvegen 142
Tiltakshavar: Trond Morten Strand Træet
Ansvarleg søkjar: Harris Advokatfirma As

Saka gjeld

Harris Advokatfirma AS har på vegne av tiltakshavar tatt kontakt med kommunen i forbindelse med forestående opprydning i ulovlege tilhøve knytta til ombygd løe på gbnr 319/6. Førespurnad til kommunen gjeld stans i dagmulkt for å gi «mulighet og ro til å rydde opp i det ulovlige tiltaket».

Historikk

I denne saka vart det gitt pålegg om retting og tvangsmulkt 25.09.17. Det ulovlege tilfellet vart ikkje retta og kommunen fulgte opp saka med dagmulkt i ein periode og fram til 30.09.18. Siste brev frå Meland kommune med ilegging av tvangsmulkt vart sendt 18.10.2018. Etter dette har ikkje tidlegare Meland kommune fulgt opp saka sjølv om det ulovlege forholdet ikkje vart retta. Saka kom opp igjen i Alver kommune ved gjennomgang av ulovlighetssaker i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy. Vi varsla synfaring og var på staden med tiltakshavar den 15.10.20. På synfaringa vart det konstatert at det ulovlege tilfellet fortsatt ikkje var retta og tilbakeført og kommunen varsla difor gjenopptaking av tvangsmulkt med virkning frå 15.12.20.

Vurdering

Kommunen har ingen plikt til å stanse innkreving av dagmulkt underveis i ulovlighetsoppfølginga. Verkemiddelet med dagmulkt er å sørge for at ulovlege forhold blir tatt tak i og retta opp. Saka har teke lang tid og vi har sett liten vilje eller plan om å rette opp i ulovligheten. Vurderinga er imidlertid at vi ser meir handling og forsøk på framdrift når kommunen følgjer opp med dagmulkt enn den perioden saka ikkje har blitt fulgt opp. Soleis er konklusjonen at dagmulkten har effekt og fører til framdrift i saka. Kommunen fekk 21.01.22 melding frå ansvarleg søkar Byggraad AS om at søknad ville bli utarbeidd og innsendt, men vi har ikkje motteke noko frå søkar etter denne henvendelsen. Det er likevel spor av framdrift i saka ettersom kommunen no har blitt kontakta av Harris Advokatfirma. Det har blitt sendt inn dokumentasjon på fråkobla vatn og at kjøkken er fjerna. Tiltakshavar har også stadfesta at bygningen ikkje vert utleigd.

Status per i dag er at dagmulkten løper og siste faktura er sendt for perioden 01.07.22-30.09.22.

På bakgrunn av historikken i saka er kommunen nølende til å stanse dagmulkten i saka. Formålet med dagmulkten er imidlertid at ulovlege skal bli retta opp og vi ser positivt på at det skjer noko i saka.

Konklusjon

Alver kommune avventer innkreving av dagmulkt fram til 15.01.23.

Vi gjer merksam på at dagmulkten fortsatt løper. Dersom det innan **15.01.23** kjem på plass ein komplett søknad eller vi får dokumentasjon på at det ulovlege forholdet er retta opp vil vi ikkje fakturere dagmulkt for perioden 01.10.22-31.12.22. Ved manglande framdrift eller handling vil dagmulkten fakturerast for heile perioden og vidare framover. Til slutt kan eg orientere om at dersom ein søker om legalisering av det ulovlege tilfellet, vil frist for retting være 5 veker etter endeleg vedtak i saka.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13635

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harris Advokatfirma As	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
------------------------	-------------------------	------	--------

Mottakarar:

Trond Morten Strand Træet	Nøttveitvegen 7	5238	RÅDAL
---------------------------	-----------------	------	-------